

Årsmelding for Lindås Pensjonistlag
for perioden 26/2-2015 – 25/2-2016

Medlemstalet ar auka frå 109 til 129 sidan forrige årsmøte. 4 medlemmer har gått bort i denne perioden: Marit Pedersen, Edith Hope, Oddrun Heggertveit og Anna Tønning.

Styret har bestått av: Leiar Kåre Bastesen, Nestleiar Steinar Furelid, Kasserar og dataansvarleg Svein Haukås, Sekretær Margun Rosnes, Styremedlemer Alf Sætran, og Edith Hope. 1 vararepresentant Aud Hauge, 2 vararepresentant Ingun Kolås, 3 vararepresentant Marta Kvalvåg.

Etter Edith Hope sin bortgang vart Aud Hauge ny styremedlem og Ingun Kolås ny 1 vararepresentant og Marta Kvalvåg ny 2 vararepresentant.

Revisorar Helge Fjellanger og John Fjellanger.

Turnemnd: Alf Sætran, Margit Kolås og Kjell Hauge.

Valnemnd: Jon Døsvik, Mary Gjøsæter og Kjell Lauvås.

Revisor John Fjellanger er gått bort i denne perioden. Det er ikkje oppnemnd nokon i hans plass.

Laget har hatt 10 styremøter og 10 medlemsmøter i perioden. Me har hatt fleire personar som har delteke med ymse tema på møtene, formannen i Lindås sogelag Jan Thorsheim m/lokal krigshistorie, Karstein Stene om Spjeldnes gard, Jakob Sandekveld i samarbeid m/ Westland hotel. «Bedre Liv» m/helse og velvereprodukter og Ingvald Bastesen om «Framtidsfullmakt».

På sommaravslutninga stilte me som vanleg med jordbær, iskaker, kjeks og kaffi. Me har ikkje hatt Advent-tilstelling på Lindås bu-og servicsenter i 2015, men laga ei tilstelling der no i januar.

Julebordet var som vanleg på Westland med god mat / underhaldning og fin musikk.

På Den Internasjonale Aktivitetsdagen søndag 10 mai 2015, hadde me og tilstelling lørdag 9/5 i Lindås senter med loddsal, fine gevinstar, underhaldning ved brødrene Hermansen og diverse andre arrangement. Søndag arrangerte me turar til Lyngfjellet og Kolås-toppen der det vart servert frukt, kjeks og kaffi. Dette gav laget ei fin inntekt.

Eldredagen 1 oktober vart markert med fest på Alver Hotel, saman med Kløvheim og Osterfjorden pensjonistlag og Frivillighetssentralen. Me hadde eigen buss til Alver. Verdama Eli Kari Gjengedal fortalde og forklarte om dei mange verteikna me hadde høyrte om og som kunne ha forskjellige tydingar.

Ordførar Astrid Byrknes og Leif Sleire framførte mange fine songar.

Seniordansen og Bowlingen held fram på sine vanlege dagar.

Pensjonistlaget har også skipa til Temamøte om kommunesamanslåinga i Haugatun den 19 mai 2015. Tilstades var ordførarane i Lindås, Austrheim, Meland og Radøy. Me har fått tildelt Hjartestartar og opplæring på den, denne er no plassert på kjøkkenet her i kyrkjelydsenteret i førstehjelpskapet. Nytt skap har me også fått og som gjev oss betre plass til sakene våre, og me har fått laga fleire årar.